



Innkalling av Kommunestyret

Møtedato: 15.12.2022
Møtestad: Kommunestyresalen Flodmaal
Møtetid: 09:00 - 15:00

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
045/2022	Godkjenning av innkalling og sakliste
046/2022	Godkjenning av møteprotokoll
047/2022	Referatsaker
047/2022.1	Det må setjast av planleggingsmidlar til planarbeid for E39 Vågsbotn - Klauvaneset for 2023 - kopi av brev
047/2022.2	Naturressurskommunene Brev sendt til Finansdepartementet vedr. eiendomsskatt og behov for politiske grep
047/2022.3	Protokoll 6-2022 Regionrådet Nordhordland, fredag 4. november
047/2022.4	Stølsheimen verneområdestyre, møteprotokoll 02.12.2022
048/2022	Orienteringssaker
048/2022.1	Nærskuleprinsippet - vidaregåande opplæring
049/2022	Budsjett og økonomiplan 2023 - 2026
050/2022	Høyering ny selskapsstruktur i NGIR
051/2022	Høyringsuttale - Inntektssystemet i kommunane - NOU 2022:10
052/2022	Møteplan vår 2023

053/2022	Val av nytt varamedlem til kontrollutvalet for kommunestyreperioden 2019 - 2023
054/2022	Val av ungdomsråd i Modalen 2022-2024
055/2022	Søknad om sal av alkohol frå ubemanna butikk

8. desember 2022

Kjetil Eikefet
møteleiar

Tonje Husum Aarland
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	22/352

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
045/2022	Kommunestyret	PS	15.12.2022

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-033	22/352

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
046/2022	Kommunestyret	PS	15.12.2022

Godkjenning av møteprotokoll

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 03.11.2022

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	22/352

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
047/2022	Kommunestyret	PS	15.12.2022

Referatsaker

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
047/2022.1	Det må setjast av planleggingsmidlar til planarbeid for E39 Vågsbotn - Klauvaneset for 2023 - kopi av brev
047/2022.2	Naturressurskommunene Brev sendt til Finansdepartementet vedr. eiendomsskatt og behov for politiske grep
047/2022.3	Protokoll 6-2022 Regionrådet Nordhordland, fredag 4. november
047/2022.4	Stølsheimen verneområdestyre, møteprotokoll 02.12.2022

Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	22/352

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
048/2022	Kommunestyret	PS	15.12.2022

Orienteringssaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
048/2022.1	Nærskuleprinsippet - vidaregåande opplæring

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Magne Verpelstad	FE-151	22/127

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
031/2022	Formannskapet	PS	29.11.2022
008/2022	Råd for eldre og funksjonshemma	PS	28.11.2022
010/2022	Administrasjonsutvalet	PS	29.11.2022
004/2022	Ungdomsrådet	PS	30.11.2022
049/2022	Kommunestyret	PS	15.12.2022

Budsjett og økonomiplan 2023 - 2026

Forslag til vedtak:

1 Modalen kommune sitt budsjett og økonomiplan 2023-2026 vert vedteke slik det ligg føre i tråd med budsjett og økonomiplandokumentet.

2 Eigedomsskatt 2023: For eigedomsskatteåret 2023 vert det skrive ut eigedomsskatt med heimel i eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c: «berre på kraftverk, vindkraftverk og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum».

Den alminnelege eigedomsskattesatsen i Modalen kommune er 7 promille, jfr eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd.

Eigedomsskatten for 2023 forfell til betaling i 2 terminar: 31. mars og 30. september, jfr eigedomsskattelova § 25.

Klagenemnda for eigedomsskatt har kompetanse til å handsame klager etter § 19 i eigedomsskattelova, jfr § 20 i eigedomsskattelova.

Modalen kommune gjennomførte ny alminneleg taksering i 2019. Dette omfattar kraftnettet, då eigedomsskattegrunnlaget for kraftverk er likningsverdiar frå Skatteetaten.

3 Låneopptak frå Husbanken til vidareformidling vert fastsett til kr 2 500 000 for 2023. Lånet er heimla i kommunelova § 14-17 (Lån til vidare utlån). Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre

låneopptaket og gjere val av vilkår.

4 Betalingssatsar for 2023 vert vedteke i tråd med vedlegget: Modalen kommune – betaling for kommunale tenester 2023.

5 I løpet av 2023 skal Modalen kommune tilby fleksible fakturerings- og betalingsterminar for kommunale eigeomsgebyr. Kundane skal kunne velge mellom:

- Halvårleg betaling (slik som idag) = 2 betalingsterminar pr år
- Årleg betaling = 1 betalingstermin pr år
- Månadleg betaling = 12 betalingsterminar pr år
- Kvartalsvis betaling = 4 betalingsterminar pr år

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmannen legg fram sak om budsjett og økonomiplan for åra 2023 – 2026 til handsaming i formannskapet. Formannskapet skal handsame framlegget og gje innstilling til vedtak i kommunestyret.

Vurdering

Det vert vist til vedlagte dokument:

Modalen kommune – Budsjett og økonomiplan 2023 – 2026– Framlegg frå rådmannen.

Rådmannen har i ein administrativ prosess ferdigstilt framlegget til årsbudsjett og økonomiplan for åra 2023 – 2026. Årsbudsjettet er fyrste året i økonomiplanen. Årsbudsjettet og økonomiplanen omfatter både drift og investeringar som er synt i egne atskilde oversyn.

Framlegget til budsjett og økonomiplan er saldert med eit netto driftsresultat på over 3 % for kvart år i planperioden.

Konklusjon

Framlegg til budsjett og økonomiplan 2023 – 2026 vert vedteke i tråd med saksframlegget, vedlagte dokument og framlegg til punktvedtak.

Råd for eldre og funksjonshemma - 008/2022

REF - behandling:

Rådmannen orienterte kort om saka og svara på spørsmål

REF - vedtak:

Råd for eldre og funksjonshemma tek saka om budsjett og økonomiplan 2023-2026 til orientering

Administrasjonsutvalet - 010/2022

AU - behandling:

Rådmann Jo Tømmerbakke orienterte om arbeidet med budsjett og økonomiplan for 2023 - 2026 og dei justeringane som er foreslått.

Administrasjonsutvalet tek budsjett og økonomiplan 2023 - 2026 til orientering.

AU - vedtak:

Administrasjonsutvalet tek budsjett og økonomiplan 2023 - 2026 til orientering.

Formannskapet - 031/2022

FOR - behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte om budsjett og økonomiplan 2023 - 2026, med særleg fokus på:

- Samanhengen mellom drift, fond og investering
- Finansielle måltal og langsiktige mål for netto driftsresultat, lånegjeld og disposisjonsfond
- Økonomiske rammer for budsjett 2023
- Gjennomført saldering/ending
- Framlegg til budsjett for 2023
- Framlegg til økonomiplan 2024 - 2026

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik orienterte om framlegg til investeringar for 2023 - 2026 og svarte på spørsmål kring investeringsplanar. Det var innspel til investering/utvikling av tilbod som BUA (utstyrslager med utlån for barn og unge), og administrasjonen kan undersøke økonomiske rammer for denne type tiltak og legge fram dette i ei sak for formannskapet i løpet av 2023.

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte vidare om betalingssatsar for 2023 og tilleggsliste med utleigepriser for Flodmaa, Samfunnshuset på Øvre Helland, Konferanserom Mobrygga og utleige av lagerplass ved industribygget hall C, samt endringar i årsgebyr knytt til ulike prisområde.

Det kom spørsmål om utleigemoglegheiter for møterom på Brannstasjonen, som skal avklarast før handsaming av budsjettet i kommunestyret.

Samrøystes vedteke

FOR - vedtak:

1 Modalen kommune sitt budsjett og økonomiplan 2023-2026 vert vedteke slik det ligg føre i tråd med budsjett og økonomiplandokumentet.

2 Eigedomsskatt 2023: For eigedomsskatteåret 2023 vert det skrive ut eigedomsskatt med heimel i eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c: «berre på kraftverk, vindkraftverk og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum».

Den alminnelege eigedomsskattesatsen i Modalen kommune er 7 promille, jfr eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd.

Eigedomsskatten for 2023 forfell til betaling i 2 terminar: 31. mars og 30. september, jfr eigedomsskattelova § 25.

Klagenemnda for eigedomsskatt har kompetanse til å handsame klager etter § 19 i eigedomsskattelova, jfr § 20 i eigedomsskattelova.

Modalen kommune gjennomførte ny alminneleg taksering i 2019. Dette omfattar kraftnettet, då eigedomsskattegrunnlaget for kraftverk er likningsverdiar frå Skatteetaten.

3 Låneopptak frå Husbanken til vidareformidling vert fastsett til kr 2 500 000 for 2023. Lånet er heimla i kommunelova § 14-17 (Lån til vidare utlån). Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket og gjere val av vilkår.

4 Betalingsassar for 2023 vert vedteke i tråd med vedlegget: Modalen kommune – betaling for kommunale tenester 2023.

5 I løpet av 2023 skal Modalen kommune tilby fleksible fakturerings- og betalingsterminar for kommunale eigedomsgebyr. Kundane skal kunne velge mellom:

- Halvårleg betaling (slik som idag) = 2 betalingsterminar pr år
- Årleg betaling = 1 betalingstermin pr år
- Månadleg betaling = 12 betalingsterminar pr år
- Kvartalsvis btaling = 4 betalingsterminar pr år

Ungdomsrådet - 004/2022

UR - behandling:

Møtesekretær orienterte om budsjett for 2023 og økonomiplan for 2023-2026 med særleg vekt på betalingssatsar, målsetjingar og investeringar knytt til born og unge.

Ungdomsrådet drøfta saka og vedtok samrøystes å kome med uttale til budsjett og økonomiplanen.

UR - vedtak:

Ungdomsrådet gjev følgjande uttale til budsjett og økonomiplan 2023-2026:

Ungdomsrådet ber om at det vert tilrettelagt for eit dedikert lokale på Mo for ungdomar frå 8. klasse og oppover. Ein stad der ungdomar får vere ungdomar, med tilgang til pingpongbord, airhockeybord, biljard, sofagrupper, bord og stoler.

Ungdomsrådet ber i tillegg om at kommunen undersøker moglegheit for å etablere ein skateboardpark ved kunstgrasbana på Mo.

Vedlegg:

Betalingssatsar 2023 - Framlegg frå rådmannen

Søknad om tilskot 2023 Mo sokn

Statsbudsjettet 2023 - kommuneopplegget

Framlegg til budsjett for kontrollarbeidet i Modalen 2023

Budsjett - Økonomiplan 2023-2026 Framlegg frå rådmannen

Betalingssatsar 2023 - Innstilling frå formannskapet

Budsjett - Økonomiplandokument 2023-2026 Innstilling frå formannskapet

Uttale frå ungdomsrådet til budsjett og økonomiplan 2023 - 2026

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-026	22/157

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
050/2022	Kommunestyret	PS	15.12.2022
032/2022	Formannskapet	PS	29.11.2022

Høyring ny selskapsstruktur i NGIR

Forslag til vedtak:

Modalen kommune oppmodar representantskapet og styret i NGIR å gjere vedtak i saka om organisering av NGIR IKS på bakgrunn av følgjande konklusjonar:

- Det opprettast eit AS, med ansvar for næringsavfall, organisert under NGIR IKS
- Utfordringar knytt til fordeling av felles kostnader mellom sjølvkostområde og næringsområde vert å løyse gjennom interne rutinar og internrekneskapen.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Representantskapsmøtet gjorde i sak 10/22, 13. juni 2022 følgjande vedtak:

Representantskapet i NGIR vedtok i sitt møte 25.10.21 i sak 14/21 følgjande: «Styret legg i løpet av 2022 fram eit forslag til modell for ny selskapsorganisering av NGIR.»

Vedtaket vart gjort med bakgrunn i behovet for å leggja forholda til rette for NGIR når det gjeld framtidig regelverk for konkurranse på like vilkår. Samstundes vil ny organisering kunne leggja til rette for at NGIR framleis kan vera ein viktig samarbeidspart for næringslivet og kommunane i NGIR-området, og vera ein bidragsytar i utviklinga av den sirkulære økonomien i Noreg.

Det er utarbeid eit forslag til modell for ny selskapsorganisering av NGIR, som styret nå legg fram for representantskapet for innspel. Modellen er drøfta med dei tillitsvalte, som stilte seg positiv til modellen. Advokat Trine Lise Fromreide har gjort ei juridisk vurdering som fylgjer vedlagt. Denne konkluderer med at modellen er juridisk mogleg å innføra.

Styret handsama saka i april og gav sin tilslutnad til modellen som er foreslått og vedtok å leggja saka

fram for representantskapet for innspel.

Når alle innspel er handsama vil saka bli lagt fram for endeleg vedtak i styret i august og i representantskapet i oktober.

Modalen kommune fekk saka oversendt i e-post, datert 14.06.22 med følgjande moglegheit: *Etter vedtak i NGIR sitt representantskap 13.06.22, sendast sak 10/22 til eigarkommunane for moglegheit til å koma med innspel til saka, innan 25. september 2022.*

Fristen er i seinare korrespondanse utvida til 31.12.22, med beskjed om endeleg handsaming i representantskapet våren 2023.

Vurdering

Saka er godt belyst i oversendt utgreiing og av selskapets leiing, i møte med regionrådet og kommunens leiing. Rådmannen har ikkje innvendingar til organisering av næringsavfall i eige AS.

Vi ynskjer å gje merknad til organiseringa, i til saman tre aksjeselskap, kor Hushald og Drift er tenkt som to eigne AS. NGIR IKS er eit relativt oversiktleg selskap, med avgrensa verksemd og få tilsette. Rådmannen meiner difor at drifta i selskapet ikkje forsvarer den omfattande endringa av organiseringa, og meiner fordeling mellom NGIR Næring AS og NGIR IKS, kan løysast i internrekneskapen.

Rådmannen meiner i tillegg at organiseringa i tre selskap under NGIR IKS, vert kompliserande og kan vere fordyrande på sjølvkostområde, utan at tenesta isolert sett vert forbetra.

Formannskapet - 032/2022

FOR - behandling:

Grunna feil i møteportalen for politikarar og ikkje alle har fått handsama saka, ber formannskapet om at saka vert handsama i kommunestyret.

Samrøystes vedteke

FOR - vedtak:

Formannskapet sender saka vidare til kommunestyret utan innstilling

Vedlegg:

Sak 10.22 Selskapsorganisering av NGIR

Høyring ny selskapsstruktur i NGIR - ny frist 31. desember 2022

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-103	22/261

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
051/2022	Kommunestyret	PS	15.12.2022

Høringsuttale - Inntektssystemet i kommunane - NOU 2022:10

Forslag til vedtak:

Kommunestyret i Modalen er kritisk til Inntektssystemutvalet sitt forslag og stiller seg bak samtlege punkt i Naturressurskommunane sin høyringsuttale.

Modalen kommune vil leggje ekstra vekt på desse punkta:

1. Utvalet grip inn i den kommunale retten til beskatning og fridomen til dette ved å utjamne mellom alle kommunar nokre, men ikkje alle kommunane sine eigedomsskatteinntekter. Forslaget rammar på den måten at eigedomsskatteinntekter kjem kommunar som ikkje har innført eigedomsskatt til gode. Dette meiner Modalen kommune er urimeleg.
2. Auka produksjon av fornybar kraft vil skje i distriktskommunar rundt i heile landet, i form av vass- og vindkraft, om kommunane sjølve er positive til det. Eventuell auke i produksjonen vil føre til enda fleire og til dels alvorlege arealinngrep i verdifull natur. Utvalet sitt forslag vil svekke lovbestemte ordningar, som i mange generasjonar har sikra distriktskommunar erstatning, for tap av eigne naturverdiar, og det vil seinke eller stoppe opp tiltak for å auke produksjon av fornybar energi.
3. Vasskraftkommunar i heile Noreg har gitt frå seg verdifulle naturressursar og har måtte tåle store irreversible naturinngrep i verdifull og urørt natur. Slik har vasskraftkommunane tilført storsamfunnet store verdiar i form av nok kraft og sikker forsyning. Kommunane dette gjeld har sagt ja til evigvarande inngrep mot eit lovbestemt vederlag, blant anna rett til konsesjonskraft. Modalen kommune vil understreke at konsesjonskraft er ein kompensasjon for avståing av naturressursar og ikkje ei skatteinntekt.
4. Utvalet behandlar vertskommuneinntekter og eigarinntekter ulikt. Modalen kommune meiner dette er urimeleg. Eigarinntekter skal ikkje utjavnast fordi at desse inntektene kjem frå eigars val og disposisjonar, og inntektene varierer frå år til år. Modalen kommune meiner det same gjeld for kommunar som har valgt å seie ja til arealinngrep og nedbygging av natur, då det er vertskommunens val og konsesjonsinntektene varierer frå år til år.
5. Utvalet set til sides viktige prinsipp om lokale kraftinntekter og frivillig eigedomsskatt. Modalen kommune meiner dette skapar usikkerheit, det vert vanskelegare å trekke inntekter inn i økonomiplan og til slutt vil motstanden koma mot nye, grønne utbyggingar som er viktig med tanke på å nå klima- og miljømål.
6. Modalen kommune støttar synet om at naturressursinntektene ikkje kan sjåast på som

ordinære skatteinntekter, eller være jamnstelte med desse i samanheng med ei inntektsutjamning.

7. Eigedomsskatten og inntektene frå denne har vore ein av føresetnadane for at kommunane har sagt ja til naturinngrep. Ei omfordeling av eigedomsskatteinntekter frå kraftanlegg, vindkraft og petroleumsanlegg er ei omfordeling av den viktigaste skatteinntekta for distriktskommunar. Når då eigedomsskatt for bustader, fritidseigedom og næringseigedom vert halden utanfor utvalet sitt forslag, støttar Modalen kommune synet om at dette er urimeleg.

8. Modalen kommune støttar synet og er sterkt imot forslaget om å omfordele 10% av kommunane sine eigedomsskatteinntekter frå kraftanlegg, vindkraft, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglar for petroleum. Me kan ikkje sjå kva som er grunnlag for utjamning av eigedomsskatteinntekter frå kraftnettet til alle kommunar i Noreg, då alle kommunar har eit kraftnett innanfor sine kommunegrenser.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Viser til høringsbrev frå Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) 19.september 2022 med frist for høringsinnspel til NOU 2022:10 – Inntektssystemet for kommunane til 4. januar 2023

Den 12. mai 2020 oppnemnte Regjeringa Solberg eit offentleg utval for å foreta ei heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane. Utvalet skulle vurdere dagens inntektssystem og dei ulike elementa i dette, og komme med et forslag til ny utforming av inntektssystemet for kommunane. Inntektssystemet er eit system for fordeling av det statlege rammetilskotet og omfordeling av kommunanes skatteinntekter, samla kalla kommunanes frie inntekter. Inntektssystemet består av fleire element, blant annet ei utgiftsutjamning som skal kompensere kommunane for ufrivillige variasjonar i utgiftsbehovet, ein utjamning av skatteinntekter og ulike regionalpolitisk begrunna tilskot.

Vedlegg:

NOU 2022_10(118091)

NOU 2022: Inntektssystemet for kommunene - Høring

2022-11-08 Høring NOU 2022-10 Inntektssystemet - Naturressurskommunene_ev (1)

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-062	20/174

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
052/2022	Kommunestyret	PS	15.12.2022

Møteplan vår 2023

Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek framlegg til møteplan for våren 2023 slik den ligg føre

Saksopplysningar:

Sjå vedlagt framlegg til møteplan

Vedlegg:

Møteplan vår 2023

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-033	22/195

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
053/2022	Kommunestyret	PS	15.12.2022

Val av nytt varamedlem til kontrollutvalet for kommunestyreperioden 2019 - 2023

Forslag til vedtak:

Kommunestyret vel Karianne Neset Nygard som nytt varamedlem til kontrollutvalet

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Viser til vedlagt møteutskrift frå kontrollutvalet i sak 51/22, der følgjande vedtak vart fatta:

«Kontrollutvalet minner kommunestyret om reglement rundt antal varamedlemmer og tilrår at det vert eit tilstrekkeleg antal varamedlemmer i utvalet».

Leiar i kontrollutvalet peikar på at det er eit for lite varamedlem til kontrollutvalet, og bed om at kommunestyret vel eit nytt varamedlem slik at det vere like mange varamedlemmer som i starten av kommunestyreperioden.

Vedlegg:

2022 10 19 Møteutskrift sak 51-22, Modalen kontrollutval
Møteutskrift sak 51/22 - tal varamedlemmer i kontrollutvalet

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	22/324

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
054/2022	Kommunestyret	PS	15.12.2022

Val av ungdomsråd i Modalen 2022-2024

Forslag til vedtak:

Følgjande vert valt som representantar til Modalen ungdomsråd for 2 år:

Medlem:	Oliver Trohaug Våge	1 vgs
Medlem:	Gaute Lundekvam	10 kl.
Medlem:	Magnus Hrafn Jakobsen	10. kl.
Medlem:	Pernille Trohaug Våge	9. kl.
Medlem:	Olai Nygard Nese	9. kl.
Varamedlem:	Agnes Midtun	10. kl.
Varamedlem:	Ingeborg Romarheim	9. kl.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Ungdomsrådet i Modalen vart vedteke oppretta av kommunestyret 15.11.22, sak [048/2015](#). Sidan 2015 har kulturkonsulent eller ungdomskoordinator hatt ansvar for sekretariatsfunksjonen til rådet. Rådet har eigne vedtekter, sjå vedlegg, I vedtektene er det sett opp om 2 møter kvart halvår. Dei vel sjølv leiar og nestleiar.

I fornying av kommunelova i 2019 vart det sett krav om at alle kommunar skal ha eit ungdomsråd og at kommunestyret sjølv skal velje kandidatar, jamfør kommunelova §5-2 første ledd. Ungdomsrådet skal ha ein valperiode for inntil to år og medlemmene kan ikkje ha fylt 19 år på valtidspunktet. Ungdomsrådet har rett på godtgjersle og dekking av evt reiseutgifter til liks med andre folkevalde organ i kommunen.

Ordførar har i samarbeid med Mo skule gjennomført val til ungdomsråd for 8.-10. klasse med elevar i

8.-10. klasse.

I tillegg vart det sendt ut informasjon om val til ungdomar som er heimehøyrande i kommunen i aldersgruppa 16-18 år med invitasjon til å melde si interesse og gjennomføring av val dersom mange nok meldte seg. Det var ein kandidat som meldte seg.

Etter valgjenføringsprosessen har ungdomane lagt fram forslag om å velje desse representantane til ungdomsrådet i Modalen:

Medlem:	Oliver Trohaug Våge	1 vgs
Medlem:	Gaute Lundekvam	10 kl.
Medlem:	Magnus Hrafn Jakobsen	10. kl.
Medlem:	Pernille Trohaug Våge	9. kl.
Medlem:	Olai Nygard Nese	9. kl.

Varamedlem:	Agnes Midtun	10. kl.
Varamedlem:	Ingeborg Romarheim	9. kl.

Vedlegg:

Vedtekter ungdomsrådet

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tonje Husum Aarland	FA-U62	22/331

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
055/2022	Kommunestyret	PS	15.12.2022

Søknad om sal av alkohol frå ubemanna butikk

Forslag til vedtak:

Coop Modalen SA, org. nr. 954 053 679, får løyve til å selje alkohol (gruppe 1: inntil 4,7 % alkoholinnhald, jf. vedtak om salsløyve for perioden 10.12.20 – 30.09.24) med teknologiløysinga som vert brukt i dette konseptet slik søknaden med vedlegg grunngjev, også i tida når butikken er ubemanna, i ein prøveperiode på om lag 2 år: frå 01.01.2023 – 30.09.2024.

Saksopplysningar:

Coop Modalen søker Modalen kommune om løyve til sal av alkohol på Coop Marked butikk på Mo i ubetjent opningstid.

Bakgrunn

Coop Modalen planlegger for å tilby utvida åpningstid på butikken på Mo frå og med medio 2023. For å gjennomføre dette, er ein i pågåande prosess for å tilpasse butikken for å kunne vere sjølvbetjent utanom dei vanlege opningstidene. Det er planlagt for at butikken er open 06.00 – 24.00, der tidsrommet 09.30 – 17.00 er betjent.

Det vert i søknaden vurdert at moglegheita for kjøp av alkohol og tobakk i butikkens opningstid og innanfor gjeldande salstider vil vere viktig for å lykkes med å snu omsetningsnedangen ein har opplevd over lengre tid.

Butikken vil vere ubemanna i deler av tidsrommet for gjeldande salstider for alkoholholdig drikke (09.00 – 20.00 på kvardagar og 09.00 – 18.00 på laurdagar). Det vert derfor søkt om kommunal salsbevilling for alkoholholdig drikke innanfor kommunen sine gjeldande salstider når butikken er ubemanna (09.00 – 09.30 og 17.00 – 20.00 på kvardagar, 09.00 – 09.30 og 17.00 – 18.00 på laurdag, og elles nærare spesifisert i vedtak om salsløyve for perioden 10.12.20 – 30.09.24).

Vurdering

Det er stadig fleire butikkar som har ubemanna opningstider med sjølvbetjening. Coop har fleire andre butikkar som tilbyr ubemanna handel, og mellom anna har løysinga for alderskontroll gjennom CoopKey-app har vore nytta i andre butikkar.

Vedlagt søknaden er det skildra løysinga for sal av alkoholholdig drikk for å sikre at alkohollova sine reglar vert følgde.

Lovheimel

Alkoholloven og alkoholforskriften regulerer innføring og omsetning av alkoholholdig drikk. Det er opp til kommunane å vurdere kven som skal få løyve til sal av alkohol, og skjønnsvurdering om å gje løyve og avgjersla må vere gitt ut i frå eit sakleg grunnlag.

I alkoholloven og alkoholforskrifta er det særleg desse reguleringane som gjer seg gjeldande:

- aldersgrense
- tidsinnskrenkingar for sal og utlevering av alkoholholdig drikk
- plassering av alkoholholdig drikk
- forbod mot sal til rumiddelpåverka personar
- sal av alkoholholdig drikk frå «automat».

Alkoholloven §1-1 og alkoholforskriften § 2-1 viser til det sosialpolitiske aspektet ved loverket:

- lova har som mål å begrense i størst mogleg utstrekning dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkoholbruk kan innebære, og vidare;
- sal og skjenking av alkoholholdig drikk skal foregå på ein slik måte at skadeverknadene vert avgrensa og alkoholpolitiske og sosiale omsyn vert ivareteke.

Kapittel 8 i alkoholforskriften omhandlar krav til internkontroll for å sikre at krav fastsett i eller i medhald av alkoholloven vert følgd.

Helsedirektoratet har i brev datert 22.10.2021 uttalt seg om sal av alkoholholdig drikk frå ubemanna kasser og butikkar. Det vert i brevet uttalt at direktoratet vurderer at sal av alkoholholdig drikk frå ubemanna butikk vil vere ein salsform som krev endringar i regelverket. Eit av dei særskilte vurderingane som vert gjort av direktoratet, gjeldt sal av alkohol i ein ubemanna kasse utan at ein tilsett er til stades for å vurdere eventuell ruspåverknad.

Teknisk løysing

Det vert i vedlegg til søknaden skildra teknisk løysing for sal i ubemanna butikk, samt skildring av løysinga som skal ivareta krav til sal av alkoholholdig drikk. Det er planlagt løysingar som skal sikre internkontroll som svarar ut utfordringar knytt til teknisk kontroll av alder, plassering, salstider, og vurdering av personane sin åtferd og tilstand.

- Tilgang, alderskontroll og tidsstyring

Det vil totalt vere 3 sjekkpunkt for alderskontroll:

- Tilgang via app med namn CoopKey. Ved registrering opprettast ein «Coop Sikker ID» ved at kunden identifiserer seg med BankID. Gjennom bruk av BankID

- verifiserer ein mellom anna kunden sin alder, og er ei løysing som har vore i bruk ved kjøp av tobakk- og apotekvarer i eksisterande ubemanna butikkar.
- Det er planlagt eit eiga skap for alkoholholdig drikke. Skapet vil vere ulåst i bemanna butikk, og i ubemanna butikk vil denne berre opnast ved å skanne ein QR-kode. Skapet lar seg berre opne dersom den identifiserte kunden er 18 år eller eldre. Det vil ikkje vere mogleg å låse opp skapet utanfor kommunen sine salstider for alkoholholdig drikke.
- Når kunden kommer til kassa, vil kunden på nytt måtte legitimere seg via CoopKey for å kunne fullføre kjøpet.
- Vaktsentral

Det vil vidare vere kamera-overvåka butikklokale som analyserer aktiviteten i butikken og mogleggjer to-vegs kommunikasjon mellom kunde og tilknytta vaktentral.

- Når ein kunde har identifisert seg som gamal nok til å kjøpe alkoholholdig drikke gjennom scanning av QR-kode i skapet, vert ein vaktentral varsla for å gjere ei vurdering av kunden sin åtferd og tilstand via kamera.
- Ved behov kan vaktentralen ta kontakt via høgtalaranlegg eller sende ein vektor til butikken.
- Kunden vil også undervegs kunne ta kontakt med vaktentralen via tilkallingsapparat plassert i butikklokalet.

Vurdering opp mot praksis

Det er fleire kommunar som har gjeve salsløyve til butikkar som heilt eller delvis er ubemanna. I liknande saker er det gjort vedtak om utprøving over ei tidsgrensa periode. Det er stadig nye tekniske løysingar som vert prøvd ut, men det er per dags dato ikkje kjent om det vert arbeidd med ei lovendring tilpassa slike løysingar.

Alkohollova har som føremål å begrense forbruket av alkoholholdig drikk. Den tekniske løysinga for ubemanna butikk har som føremål å kunne gje kundar eit likeverdig tilbod lokalt. Det er i søknaden peika på at kjøp av alkohol og tobakk i butikken sin opningstid og innanfor gjeldande salstider, vil vere viktig for at ein skal lykkast med å snu den totale omsetningsnedgangen butikken har hatt dei siste åra.

I andre kommunar vert det vist til positive erfaringar frå utprøving, mellom anna i Vaksdal kommune. Dei har ikkje erfart at kundar påverka av alkohol eller mindreårige har fått kjøpt alkohol. Dei har ikkje observert langing eller at det er kjøpt alkohol utover dei vedtekne salstidene.

Ei av utfordringane som vert peika på av Helsedirektoratet, samt i vurderingane frå andre kommunar, er tolkinga om sal frå «automat», jf. alkoholforskrifta § 2-5, der ein kan tolka ei ubemanna butikk som ein slags «automat». I Coop Modalen sin planlagde løysing vil det vere personar som vert kopla på for å gjere vurderingar av dei som skal kjøpe alkoholholdig drikke, via kamera. Det vil vidare vere mogleg for dei å tilkalla ytterlegare personell ved behov, samt ha kundekontakt.

Med bakgrunn i ovannemnde vurderer rådmannen at den løysinga som Coop Modalen skildrar i stor grad vil kunne sikre ein naudsynt internkontroll.

Salsstedet har sjølv ansvar for å sjå til at alkoholloven sine reglar vert etterlevd og ha tilstrekkelege rutinar for dette. Kommunen har ansvar for å føre kontroll med at salsstedet etterlever alkoholloven. Modalen kommune har ingen tidlegare erfaringar med denne type løysing for sal av alkoholholdig

drikk.

Rådmannen tilrår at det vurderast å gje verksemda ein prøveperiode på 2 år, fram til og med 30.09.2024, og at det vert gjort ei evaluering før eventuell vidareføring av dette med bakgrunn i erfaringane til verksemda og kommunen.

Det vises elles til Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Modalen kommune (rev. 2020), samt vedtak om salsløyve til Coop Modalen SA for perioden 10.12.20 – 30.09.24.

Konklusjon

Rådmann tilrår at Coop Modalen får løyve til å selje alkohol (gruppe 1: inntil 4,7 % alkoholinnhald) med teknologiløysinga som vert brukt i dette konseptet slik søknaden med vedlegg grunngjev, også i tida når butikken er ubemanna, i ein prøveperiode på om lag 2 år: frå 01.01.2023 – 30.09.2024.